



# Naturvernforbundet

Klima- og Miljødepartementet.  
v/Rovviltnemnda i region 6  
v/ Fylkesmannen i Trøndelag

25. juni 2019

## KLAGE – JERVKVOTE – JAKTA 2019-2020

Vi viser til rovviltnemnda sitt vedtak i sak 14/19 den 28.5.2019, som låg føre som protokoll 5.6.2019.

Naturvernforbundet klager på vedtaket. Vi ber om at kvota blir endra, slik vi gjer greie for nedanfor. Vidare at vilkåra knytt til bruk av reservekvote blir endra.

På vedtakstidspunktet var det registrert følgjande ynglingar i region 6, med slik fordeling:

- A. Møre og Romsdal, i forvaltingsområdet for jerv: Rauma 1, Norddal 1
- B. Møre og Romsdal, i beiteprioritert område: Sunndal 2, Surnadal 1
- C. Søre del av Trøndelag, i forvaltingsområde for jerv: 0
- D. Søre del av Trøndelag, i beiteprioritert område: Oppdal 1, Rennebu 1
- E. Nordre del av Trøndelag, i forvaltingsomr. for jerv: Lierne 2, Snåsa 1, Verdal 1, Meråker 1.
- F. Nordre del av Trøndelag, i beiteprioritert område: 0

Pr. 22.6. er det registrert 15 ynglingar, følgjande ynglingar kjem i tillegg:

- B. Surnadal 1 (beiteprioritert område)
- E. Lierne 1 (forvaltingsområde for jerv)
- A. Nesset 1 (forvaltingsområde for jerv)

Det er våren 2019 gjort hiuttak som følgjer:

B. Sunndal – sør for Rv 70:	Tispe + 2 kvalpar (13.5)
B. Sunndal – Trollheimen:	2 kvalpar (16.5.)
B. Surnadal – Trollheimen:	2 kvalpar (15.5.)
D. Oppdal – Vest for E6/Sør for Rv 70:	Tispe + 1 kvalp (26.4.)
D. Rennebu – Aust for E6:	Tispe + 2 kvalpar (14.5.)

Dette er i alt 3 tisper og 9 kvalpar.

Vi registrerer følgjeleg at ynglemålet er nådd for region 6. I tillegg er det sett mål for kvar desse dyra skal vere hen, for å redusere konfliktnivået. Departementet har stadig dei siste åra minna om tydeleg forvaltning av soneinndelinga. For Møre og Romsdal var ikkje målet nådd i forvaltingsområdet på møtetidspunktet, men det er det no. Det har berre skjedd eitt år tidlegare sidan Trollheimen gjekk ut av forvaltingsområdet i 2012. Det har ofte vore berre ei yngling i forvaltingsområdet.

Vi har gått gjennom DNA-registrerte dyr for forvaltingsområdet i Møre og Romsdal sidan 2011. 2016 og 2017 er toppår med 9 kjente individ i forvaltingsområdet vi har no. Når ein reknar med at slik registrering får med 80% av bestanden, tyder dette på ein bestand på kring 11 individ. Når ynglemålet er på 3, burde det ha vore kring 20 individ i dette området. Vi kan ikkje forstå anna enn at vi konstant har ein bestand i forvaltingsområdet som ligg under målet.

Vi har aldri sett dokumentasjon på at ein aukar bestanden ved å jakte på han. Det er tvert om antatt at ein bestand blir redusert viss han blir jakta på.

I år har vi kjennskap til 3 ynglingar i forvaltingsområdet i Møre og Romsdal. Det er i samsvar med målet. Når ein oftast ligg under målet, og DNA-registreringane også tyder at bestanden ligg under målet, er det ingen grunn til å tru at det er eit haustbart utbytte i forvaltingsområdet.

Det normale er då å la vere å jakte på jerv i dette området, og i tillegg kan ein prøve å spare dyr som finst i tilgrensande område som heng saman med forvaltingsområdet, med tanke på at ein bør oppfylle rovviltforliket sitt mål om å kome så nær ynglemålet som mogleg. Vi tenkjer då spesielt på areal utanfor forvaltingsområdet som heng saman med det innanfor på ein slik måte at jerven ikkje har naturlege grenser mellom.

Vi registrerer at det i år var to ynglingar i randsona, men bådessa ynglingane gjekk over i statistikken som hiuttak, der tispa blei drept. Moglegheita for at desse dyra kan bidra til auka bestand er følgjeleg blitt borte. Eit eventuelt haustbart overskot er dermed alt felt. Dette blir langt på veg som at det er gitt ei kvote på to dyr, og at fellingsjobben er gjort. Den kvota som nemnda har vedtatt kjem i tillegg til dette uttaket.

I staden for å spare bestanden for uttak i håp om at han då vil bygge seg opp til det som er målsettinga i forvaltingsplanen, registrerer vi at nemnda tillet felling av to dyr av ein bestand som i utgangspunktet er for liten. Vi finn ikkje noko grunngeving for at eit slikt uttak vil kunne auke bestanden. I forvaltingsområdet for jerv er det også slik at beiteinteressene må tilpasse seg at det er rovdyr i området, og ein må rekne med noko tap om ein driv med beitenæring i slike område. Å bruke tap av sau til rovdyr i forvaltingsområdet for rovdyr som argument for å felle dyr skal vere unnataksvis og ha ei særskilt god grunngeving.

Vi kan ikkje finne anna grunn enn at nemnda finn det lettare å nå målet ved å ha ein del jerv i Trollheimen. Naturvernforbundet skal ikkje motsetje seg at det er jerv i Trollheimen. Men vi vil gjere merksam på at Trollheimen er beiteprioritert. Det normale då er at det blir gitt fellingsløyve så snart det er sett ein jerv i området. Følgjeleg kan ein ikkje rekne med jerv i Trollheimen som ein del av den bestanden som ein skal forvalte langsiktig. Det blir ei veldig utydeleg soneforvaltning når ein gjer det på denne måten, og grunnen til konflikt blir større enn nødvendig.

Øvre Sunndal er i år ein del av kvoteområdet som er beiteprioritert i Møre og Romsdal. Sjølv om forvaltingsplanen er godkjent, så har det framleis ikkje vore ei skikkeleg vurdering av om forvaltingsområdet kan klare seg utan Øvre Sunndal. Som kompensasjon for den manglande

vurderinga knytt til planen, skulle det vel gjerast dess grundigare vurdering i enkeltsakene, men det kan vi ikkje sjå noko til. Vi ser heller ikkje noko av den tilbakehaldenheita som er omtala av departementet.

Den sørvestlege delbestanden av jerv er liten og sårbar. Det har lenge vore arbeidd med å få til meir samordna vurderingar for vurdering av bestand og eventuelle kvoter. Dette har resultert i eit tett samarbeid mellom nemndene. Følgjande vurdering finn vi no i samband med det viktigaste vedtaket i året om jerven i dette området: «Jervebestanden i Møre og Romsdal er felles med den i Oppland, og utveksling av jerver mellom fylkene må påregnes.»

At dette kan vere ei tilfredsstillande vurdering jf. naturmangfaldlova § 10, kan vi ikkje forstå. Det er berre nemndene som kan påverke meir eller mindre uttak som følgje av samla vurdering av bestanden for den sørvestlege delen av jervstammen, og resultatet av dei vurderingane som blir gjort må kome fram i dette vedtaket viss ein skal kunne rekne det som transparent i forvaltinga.

I søre del av Trøndelag er det registrert 2 ynglingar i år, båe i beiteprioritert område, og i båe høve er det gjort hiuttak. Når jervbestanden i region 6 blir rekna å ligge over bestanden, så er det ikkje søre delen av Trøndelag som er skuld i det i år. Det kan fort bli slik neste år også sidan det er felt 2 hogauper. I samband med forvaltingsplanen merka vi oss at det var viktig at det var jerv i båe delar av Trøndelag. Under slike omstende er det ikkje noko å jakte på i forvaltingsområdet for jerv i søre del av Trøndelag.

Det er etter Naturvernforbundet si vurdering ingen bestand som gir jaktbar avkasting i forvaltingsområda i Møre og Romsdal og søre del av Trøndelag, og det kan dermed ikkje vere nokon kvote knytt til desse områda.

Som følgje av låg bestand og avgang allereie, må Øvre Sunndal vere unntatt frå beiteprioritert kvoteområde i Møre og Romsdal.

I forvaltingsområde i nordre del av Trøndelag er det langvarig røymsle med større kvote enn det yngletala tilseier, sidan det jamt over kjem ein del dyr over frå Sverige.

I beiteprioritert område i heile Trøndelag er det også tradisjon for høg kvote ut frå ønsket om tydeleg soneforvalting.

Naturvernforbundet meiner i utgangspunktet at det bør vere jerv også utanfor forvaltingsområdet, då økosystema i utgangspunktet er innretta på at det skal vere ein del avgang til dei store rovdyra. At vi aksepterer ei høg kvote i beiteprioritert område er såleis eine og aleine for å imøtekome beitenæringa og dempe konfliktnivået. Det går på våre prinsipp laus, og det gjer vondt. Vi bruker ikkje seie så mykje om det, men vi kjenner på at vi må seie noko no, sidan beitenæringa gir så tydeleg uttrykk for kor vondt det gjer. Det vil vere urett å la inntrykket feste seg at det er berre dei denne forvaltinga gjer vondt for.

Når det gjeld vilkår for bruk av reservekvota gir den alt for store fullmakter til nemnda. Viss det t.d. blir registrert skade på sau i forvaltingsområdet i Rauma, kan det med noverande

formulering bli tildelt kvote på inntil 6 dyr all den tid det er meir enn 10 ynglingar i heile region 6, utan at det er klagerett på det. Nemnda vil normalt ikkje gjere det, men når dei tildeler kvote på 2 av ordinær kvote i forvaltingsområdet før ein har nådd ynglemålet innanfor forvaltingsområdet i Møre og Romsdal, så stolar vi rett og slett ikkje på noko lenger når det gjeld dette.

For tildeling av reservekvote i forvaltingsområda, må det vere påvist fleire ynglingar enn det som er målet i forvaltingsplan for det enkelte forvaltingsområdet. Sidan det alt er avliva 2 vakse hodyr nært opp til forvaltingsområdet i Møre og Romsdal, er uttaket alt gjort, og det kan ikkje tildelast frå reservekvota.

For søre del av Trøndelag er det påvist to ynglingar, og baae tispene er alt felt. Dvs. at ein alt har verknad som ei kvote på 2 dyr, av desse to tisper.

Når ein skal vurdere total kvotestorleik har ein 15 ynglingar i år å gå etter, samtidig som ein skal ha ein gløtt til dei to føregåande åra, med 7 og 11 ynglingar. Viss ein legg til grunn 15 ynglingar med 3 ungar i kvar, og to av ungane er i live når jakta tar til, så er det ei avkasting på 30 dyr. Det er allereie felt 3 tisper, og i tillegg 9 ungar som gir omtrent same verknad som felling av 5 uspesifiserte dyr i jakttida. I tillegg til dette må ein ta høgde for at det er ei skadefellingskvote på 5. Då er det ei avkasting på 17 dyr igjen. Normalt er det mogleg å rekne inn eit tillegg for nordre del av Trøndelag.

Vi ber om at vedtaket blir endra til følgjande kvotestorleik:

- Forvaltingsområdet i Møre og Romsdal: 0
- Beiteprioritert område (unntatt Øvre Sunndal) i Møre og Romsdal: 5
- Forvaltingsområdet i søre Trøndelag: 0
- Beiteprioritert område i søre Trøndelag: 2
- Forvaltingsområdet i nordre Trøndelag: 7
- Beiteprioritert område i nordre Trøndelag: 8

Når det gjeld reservekvote meiner vi at den må vere mindre enn vedtatt. Vidare at vilkåra må strammast inn. Det kan leggest inn eit band til Rovdata sin årsrapport, ved at det må vere meir enn 15 godkjente ynglingar for at ein kan nytte seg av reservekvote, og at ein kan tildele inntil 2 dyr for kvar over 15, med maksimalt 4 dyr i reservekvota. Vidare at reservekvota ikkje kan nyttast i Møre og Romsdal eller søre del av Trøndelag. Vidare må det vere eit vilkår at reservekvota blir prioritert til område i nordre del av Trøndelag der det har vore skade på beitedyr i 2019.

**Naturvernforbundet i  
Møre og Romsdal**

Øystein Folden

**Naturvernforbundet i  
Trøndelag**

Alette Sandvik

Kopi:  
Miljødirektoratet  
Klima- og miljødepartementet